



Uskedal skulemusikk med sin dirigent Tor Skeie Olsen i Gamleskulen.

**Koroaen gjer sitt, men av ulike årsaker er Gamleskulen ein sentral plass for korpsøving, songundervisning og for bandøving. Kjellaren er mellombels klargjort for korpsøvingar. Oppe i salen er det plass for mindre grupper, alt for å ivareta smittereglane.**

Tysdagen på dagtid har Rustne Menn sine faste øvingar i Gamleskulen. Seinare på dagen vil Uskedal Musikklag etter kvart bruka kjellaren til sine øvingar. På onsdagen kjem Skulemusikken med to grupper, aspirantane i kjellaren og andre medlemmer oppe i salen. I den tida møterommet på Stemneplassen er under oppgradering, har Maria Malmsten privat songundervisning i Gamleskulen.

Skulemusikken og Uskedal Musikklag har til vanleg sine øvingar i Uskedal skule. Skulen vart nedstengd etter restriksjonane etter 12. mars. Ei tid såg det ut til ei forsiktig opning, men no er ein attende til at skulen ikkje skal brukast til møte og fritidsaktivitetar.



Aspirantane med instruktør Camilla Ripel øver i kjellaren.

Smitteregane gjeld også i Gamleskulen. Etter skulemusikkøvinga i går var foreldra på pletten med spriting og nedvasking av alle overflater.

Med dette seglar Gamleskulen opp som ein arena for mange og ulike aktivitetar. Arbeidet i kjellaren er så langt vellukka og det store rommet vil etterkvart bli oppdaga og prøvd ut til fritidsaktivitetar for ei variert brukargruppe.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Anne Sofie Feet/ Kristian Bringedal



Songundervisning i Gamleskulen. F.v. songpedagog Maria Malmsten og Wenche Evensen (elev).

